

---

Til: Haugalandspakken

---

Frå: Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg

---

## Revidert byggherreoverslag planfri undergang Fv.47 ved Rophusvegen.

### Bakgrunn

Gjennom fordeling av restmidlar i Haugalandspakken gjorde Rogaland fylkesting vedtak å låse 15.mill kr. til eit T/S prosjekt ved fv. 47 Rophus i Sveio. Formålet var planfri undergang, mykje brukt av skuleelevar. Prosjektorganisasjon utbygging sør overtok prosjektet og starta utredning av omfang og teknisk løysing i samarbeid med Sveio kommune.

### Teknisk løysing

Det er detaljprosjektert planfri kryssing med undergang under Fv.47 ved Rophusvegen med tilkopling til eksisterande gang- og sykkelvegnett og kollektivtilbod. Prosjektet omfattar ca. 15m kulvert gjennom dagens fv.47, ein del natursteinsmurar og omlegging av dagens hovudvassleidning. Miljøkartlegging og vilkår frå statsforvaltar har satt krav til ein del tiltak i byggefase. Veglys blir ført langs fylkesvegen til Ekrene. Det blir ein god del berguttak og sikringsarbeid, meir enn fyrst antatt for å få plass til tiltaket. Det er prosjektert tiltak for tilrettelegging av omkøyringsveg i anleggsfasen. Konstruksjonen krev godkjenning i Vegdirektoratet og prosjekterte løysing er sendt inn til behandling og forventar endeleg godkjenning i juni 2023.

Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande reguleringsplan og byggjesøknad er sendt Sveio kommune 21.03.2023.

### Kostnader

Hausten 2021 vart det utført eit grovt kostnadsoverslag på ca. 16 mill. i 2021-kr., justert til dagen kroneverdi om lag 18,5 mill. Det var ikkje satt midlar til av til usikkerheit i fyrste kostnadsoverslag, og kostnader til prosjektering og byggherreadministrasjon var lågt stipulert.

Etter detaljprosjektering er det gjennomført nytt kostnadsoverslag pr. mai på kr. 38,5 mill. I hovudsak er auken fordelt slik :

Byggekostnader inkl. grunnnerv og miljøtiltak inkl. mva.	11 mill kr.
Prosjekteringskostnader	3 mill. kr.
Byggherrekostnader	2 mill. kr.
Usikkerheit	4 mill. kr.

#### Auke byggekostnader

Det har vore høg prisauke for bygge- og anleggsarbeid generelt frå 2021 til 2023, ca. 14%. I tillegg er det for enkelte innsatsfaktorar som berguttak opp i mot 30% prisauke, og slår veldig ut når omfang berguttak er dobla i forhold til antatt mengder i 2021. Det vil og få auka kostnader på massetransport og massehandtering.

Grunnundersøkingar og geologiske undersøkingar har avdekka sikringsarbeid som ikkje var kjent i 2021.

Andre kostnadsdrivande forhold er miljøtiltak , midlertidig omlegging av hovudvassleidning, alle tiltak knytt til midlertidig omkøyringsveg og tilbakelegging, veglys som må førast til Ekrene for tilkopling, og trafikktryggingstiltak med plasstøypte kantdragarar i betong for å skilje mjuke trafikkantar og køyrande på fylkesvegen.

#### Prosjekteringskostnader

Det har vore behov for ein del grunnundersøkingar og geologisk vurderingar, og det blir ein del meirarbeid med prosjektering for kontroll og godkjenning i Vegdirektoratet. Det er satt av noko omfang til konsulent prosjekterande til gjennomføringsasen

#### Byggherrekostnader og usikkerheit

Byggherrekostnader satt av til oppfølging i forhold til antatt byggetid. Det er satt av 4 mill. kr. til usikkerheit, som utgjer ca. 15 % av antatt kontraktsverdi.

### **Alternative løysingar**

I tidleg fase vart det vurdert ei løysing med å bygge gang- og sykkelveg lang fylkesvegen og bruka eksisterande kulvert ved Ekrene. Grunneigar ville ikkje vera med på ei slik løysing og Sveio kommune hadde ynskje om planfri kryssing ved Rophuskrysset. Den alternative løysinga kunne få utfordring med uønska kryssing over fylkesvegen til busstopp på søraust sida av vegen, då denne løysinga ville medføre ein lengre omveg til haldeplassen. Utifrå samla trafikktryggleiksvurdering, standpunkt til grunneigar og Sveio kommune gjekk ein ikkje vidare med alternativ løysing.